

Kommunal rettleiar

Opplæring av elevar med fleispråkleg bakgrunn

Gjeld frå: 01.08.2026

Basert på: Opplæringslova (LOV-2023-06-09-30), opplæringsforskrifta og gjeldande læreplanverk (LK20)

Bakgrunn: Fram til 31.07 2026 hadde Vindafjord kommune eit innføringstilbod ved Ølen skule. Etter denne datoen, er dette innføringstilbodet fjerna. Opplæringa skal nå i hovudsak gjennomførast på nærskulen til eleven.

Føremål med rettleiaren

Denne rettleiaren skal sikre at elevar med fleispråkleg bakgrunn i Vindafjord kommune får eit likeverdig, inkluderande og pedagogisk forsvarleg opplæringstilbod, i samsvar med opplæringslova.

Med fleispråkleg bakgrunn meiner kommunen elevar i grunnskulen som har anna morsmål enn norsk og samisk, og som har avgrensa dugleik i norsk slik at dei ikkje kan følgje den ordinære opplæringa fullt ut. Vurderinga skal byggje på kartlegging av språkferdigheiter, ikkje på etnisk eller kulturell bakgrunn.

Rettleiaren skal:


- klargjere rettar og plikter for elevar, føresette, skule og skuleeigar
- bidra til lik praksis mellom skulane i kommunen
- støtte arbeidet med tidleg innsats, tilpassa opplæring og overgang til ordinær opplæring

Rettsleg grunnlag

Opplæringstilbodet byggjer særleg på desse føresegnene i opplæringslova:

- § 1-3 Formålet med opplæringa – innsikt i kulturelt mangfald og likeverd
- § 3-6 Særskild språkopplæring i grunnskulen
- § 11-1 Tilpassa opplæring
- Kapittel 28 Enkeltvedtak og klagerett

Etter § 3-6 har elevar med anna morsmål enn norsk og samisk rett til særskild språkopplæring til dei kan norsk godt nok til å følgje vanleg opplæring.



Målgruppe

Rettleiaren gjeld for:

- elevar i grunnskulen som har anna morsmål enn norsk og samisk
- elevar med avgrensa dugleik i norsk, uavhengig av statsborgarskap, opphaldslengde eller fødestad

Innhald i særskild språkopplæring

Forsterka opplæring i norsk

- systematisk opplæring i norsk som andrespråk
- kan givast i ordinær klasse, i gruppe eller i kombinasjon
- kan følgje læreplan i grunnleggjande norsk for språklege minoritetar, eller tilpassing innan den ordinære norskplanen

Morsmålsopplæring (ved behov)

- skal styrkje grunnlaget for språkutvikling og fagleg læring
- kan leggjast til annan skule enn elevens nærskeule
- kan organiserast som fjernundervisning dersom eigna personale manglar

Tospråkleg opplæring i fag (ved behov)

- opplæring i eitt eller fleire fag på både norsk og morsmål
- skal sikre fagleg progresjon medan norskferdigheiter blir utvikla


Oppstart, kartlegging og vedtak

Mottak og oppstart

- Oppstartsmøte med elev og føresette, rektor kallar inn, kontaktlærer er og med på møtet. Fyll ut skjema om personopplysningar som ligg ved her. Viktig å få fram mest mogleg info, bruk tolk.
- Legg ein plan for oppfølging i den første fasen; kva er innhaldet i opplæringa den første tida, språkstøttande undervisninga, bruka av visuelle og fleirspråklege ressursar, tilpassa eleven sin bakgrunn.

Kartlegging av norskdugleik

- skal gjennomførast:
 - ved skulestart i kommunen
 - før vedtak blir fatta
 - jamleg undervegs i opplæringa, minst to gonger pr. år.
- kommunen nyttar kartleggingsverktøy anbefalt av Utdanningsdirektoratet;
[Kartleggingsverktøy i grunnleggende norsk | udir.no](https://www.udir.no/kartleggingsverktoy-i-grunnleggende-norsk)



Enkeltvedtak

Rett til særskild språkopplæring skal:

- avgjerast gjennom enkeltvedtak
- Innehalde kva type språkopplæring eleven får, omfang og organisering, varigheit og tidspunkt for ny vurdering
- føresette/elev skal få høve til å uttale seg og informerast om klagerett

Organisering av opplæringa

Vindafjord kommune legg til grunn at:

- elevar i størst mogleg grad deltek i ordinær klasse
- særskild språkopplæring er ei overgangsordning, ikkje eit varig tilbod

Vurdering og overgang til ordinær opplæring

- skulen skal jamleg vurdere om eleven kan norsk godt nok til å følgje vanleg opplæring
- når retten fell bort skal dette dokumenterast og føresette/elev skal informerast
- eleven har framleis rett til tilpassa opplæring

Samarbeid med føresette

Skulen skal:

- sikre god dialog med føresette
- bruke tolk ved behov
- gi informasjon på eit språk føresette forstår
- leggje til rette for medverknad i opplæringa


Kompetanse og ansvar

Skuleeigar (kommunen)

- har ansvar for system, ressursar, kompetanse, lovoppfylling og tverrfagleg samarbeid

Skulen

- har ansvar for jamleg kartlegging og pedagogisk oppfølging, gjennomføring av vedtak, dokumentasjon og vurdering
- Språkopplæring er eit felles ansvar på skulen, ikkje berre for enkeltpersonar.





Ressursar:

[Minoritetsspråklige elever | udir.no](https://udir.no)

[Tilrettelegge opplæringen for minoritetsspråklige og nyankomne elever | udir.no](https://udir.no)

[Læreplan i grunnleggende norsk for språklige minoriteter \(NOR07-02\) | udir.no](https://udir.no)

[§ 3-6 Særskild språkopplæring i grunnskolen | udir.no](https://udir.no)

[Særskilt språkopplæring i grunnskolen – NAFO](#)

[Minoritetsspråklige elever og læring av ord og begrep i fag - Skrivesenteret](#)

[Nyankomne minoritetsspråklige elever \(barnetrinn\) | Språkløyper](#)


Prosedyre i Compilo:

[§3-6 Særskild språkopplæring i grunnskulen - Compilo](#)

[§3-7 Innføringsopplæring for elevar i grunnskulen - Compilo](#)

Lovverk:

[Lov om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa \(opplæringslova\) - Kapittel 3 Val av skriftspråk og særskilde språkrettar i grunnskoleopplæringa - Lovdata](#)





VEDLEGG 1

Skjema for personopplysningar

Merk: Samtalen vert gjennomført med elev, kontaktlærar og eventuelt ein representant frå skuleleiinga. Hugs å nytte tolk ved behov.

1. Basisopplysningar om eleven

Etternamn: _____

Førenamn: _____

Fødselsdato: _____

Fødeland: _____

Kjønn:

☐ Jente

☐ Gut

Morsmål: _____

Statsborgarskap: _____

Adresse: _____

Postnummer: _____

Poststad: _____

Telefon: _____

Dato for ankomst til Noreg: _____

Skulestart i Noreg (år / skule / klassesteg):

2. Familie


Mor: Namn: _____

Morsmål: _____

Skulegang / yrke frå heimlandet:

Arbeidsstad / skule i Noreg:

Telefon: _____





Far: Namn: _____

Morsmål: _____

Skulegang / yrke frå heimlandet:

Arbeidsstad / skule i Noreg:

Telefon: _____

Søsken:

Namn:	Fødselsdato:

3. Språk

(eigenvurdering/ foreldrevurdering)

1.språk (morsmål):..... NB! Er morsmålet skriftspråk?.....


	Flytande	Godt	Litt/ ingenting
Munnleg			
Skrive			
Lese			

2.språk:.....

	Flytande	Godt	Litt/ ingenting
Munnleg			
Skrive			
Lese			

Kva språk kommuniserer familien på heime?

4. Skulegong



Skulegong i heimlandet

Tal år på skule i heimlandet: _____

Alder ved skulestart: _____

Kva fag har du hatt undervisning i?

Fekk du undervisning på morsmålet ditt? ☐ Ja ☐ Nei

Eventuelt kommentar:

Har du fått lese- og skriveopplæring på morsmålet ditt? ☐ Ja ☐ Nei

Har du lært og brukt det latinske alfabetet? ☐ Ja ☐ Nei

Kva fag likar du best?

Kva fag synest du er mest krevjande?

Dersom du har gått på skule i eit anna land enn Noreg, skildre skulen:
(t.d. offentleg/privat skule, timetal per dag, undervisningsspråk m.m.)

Skulegong i Noreg

Har du gått på skule i Noreg? ☐ Ja ☐ Nei

Dersom ja – kor lenge og på kva trinn?

Har du fått særskild norskopplæring (jf. opplæringslova § 3-6)? ☐ Ja ☐ Nei


Eventuelt kommentar:

Kva fag har du hatt undervisning i i Noreg?

Kva gler du deg til med å starte på skulen / ny skule?

Er det noko du gruar deg til?

Er det noko i din kultur eller religion skulen bør vite om?
(t.d. mat, høgtider, praksisar)





5. Helse

Har du nokon helseutfordringar skulen bør vite om? (særleg viktig er syn og høyrse)

☐ Ja ☐ Nei

Er det andre opplysningar skulen bør vite om? (t.d. lese-, skrive- eller talevanskar, anna)

☐ Ja ☐ Nei

Eventuelt:

6. Etter skuletid

Kva likar du å gjere på fritida? (interesser og hobbyar)

7. Samtykke

Eg/me gir samtykke til følgjande (set kryss):

Bilete og publisering ☐ Ja ☐ Nei

Eleven kan bli teken bilete av som kan nyttast på kommunen si nettside, skulen si Facebook-side og i eventuelle medieoppslag (t.d. lokalavis).

Transport ☐ Ja ☐ Nei

Eleven kan sitje på i privatbil ved behov (t.d. på turar, ved heimtransport eller transport til lege).

Vis elles til samtykke og fråværsoppfølging i Visma flyt skule-appen.

Til stades i samtalen:


Dato og stad:

Underskrifter

Lærer/rektor som gjennomførte samtalen:

Underskrift føresett:

Merk: Skjema vert arkivert i Sikker sak. Kopi vert sendt til føresette.



VEDLEGG 2

Hugseliste ved møte med born og føresette med fleirspråkleg bakgrunn

Før første møte – avklaringar frå rektor

- Avklar om eleven treng tuberkulinprøve før skulestart.
- Vurder om det er behov for tolk i kommande samtalar.
- Minn føresette om å melde flytting til Folkeregisteret og sende eleven sitt personnummer til skulen.
- Hugs å oppdatere opplysningane i Visma Flyt.

Første møte på heimskulen

Til stades: Rektor, kontaktlærer og eventuell tolk


- Fyll ut skjema for personopplysningar.
- Gå gjennom arket «*Hjelpeinstansar skulen nyttar seg av*».
- Gje generell informasjon om skulen.
- Del ut klasseliste eller fotobok av elevane.
- Informer om rettar etter opplæringslova § 3.6:
 - særskilt norskopplæring
 - morsmålsopplæring
 - tospråkleg fagopplæring
- Informer om fritidstilbod i nærmiljøet.
- Understrek kor viktig det er at barnet deltek i aktivitetar saman med andre born.
- Snakk om norske tradisjonar og kultur:
 - Høgtidsdagar, dugnad, bursdagsfeiring
- Oppmod føresette til å delta og la barna vere med.

Informasjon frå kontaktlærer

- Presenter klassen og kva dei legg vekt på i skulekvardagen.
- Avtal første skuledag og eventuell fadderordning.
- Gje praktisk informasjon om skulekvardagen:
 - Gymtøy, uteklede, dusjing og bading, mobilbruk, vekeplan og lekser
- Del ut døme på vekeplan.
- Ta opp moglege kulturskilnader:
- Informer om skulen sine satsingsområde:
- Oppmod føresette til å ta kontakt ved mistanke om krenkjande åtferd – og vis at skulen gjer det same.
- Forklar korleis vurderingsarbeidet føregår: foreldremøte, utviklingssamtalar
- Informer kort om FAU, SU og klassekontaktar.
- Presiser at skulen alltid er open for kontakt og dialog.

Avslutning av møtet

- Opne for spørsmål frå føresette.
- Omvising på skulen saman med kontaktlærer.



Hjelpeinstansar skulen nyttar seg av

PPT - Pedagogisk Psykologisk Tenestekontor

PPT hjelper skulen med å kartleggje og vurdere elevar som har faglege eller andre utfordringar. Dei greier ut behov for tilrettelegging og gir råd om kva opplæring og støtte eleven bør få.

Hjelp til skulen:

Dersom ein elev har fagvanskar eller andre behov, kan PPT gjennomføre ei sakkunnig vurdering. Denne gir skulen retningslinjer for kva tilpassa opplæring eller spesialundervisning eleven skal ha.

Skulen si plikt:

Skulen må innhente samtykke frå føresette før ein elev kan tilmeldast PPT.

Barnevernet

Hjelp til skulen og heimen:

Barnevernet kan gi støtte og rettleiing til familiar der føresette har utfordringar med å gi barnet god nok omsorg

Tiltak kan vere heimebesøk, rettleiing og samtalar med barn og føresette

Hjelpe er i utgangspunktet frivillig, men i alvorlege tilfelle kan det vere aktuelt med tvangstiltak

Ved alvorleg omsorgssvikt kan barnet bli flytta ut av heimen midlertidig eller permanent

Skulen si plikt:

Skulen har meldeplikt til barnevernet ved mistanke om omsorgssvikt – dette gjeld utan samtykke frå føresette

Døme på bekymring som kan utløyse meldeplikt:

Vald mot barn: til dømes fysisk avstraffing

Rus i heimen: barnet får manglande tilsyn eller stort omsorgsansvar

Seksuelle overgrep

Generell omsorgssvikt: mangel på mat, klede, hygiene eller tryggleik

Ved generell bekymring kan skulen, der det er forsvarleg, vurdere å ta opp saka med føresette før ein melder til barnevernet.

Helsestasjon/helsesjukepleiar

Hjelp til skulen:

Samtalar med elevar om pubertet og seksualitet

Gjennomføring av vaksinasjon, veking og måling

Individuelle samtalar med elevar ved behov eller etter ønske

Helsesjukepleiar si plikt:

Melde frå til barnevernet ved mistanke om omsorgssvikt eller bekymring for barnet sin situasjon

Ha samarbeid og samtalar med føresette ved behov

Dele relevant informasjon med skulen når det ligg føre samtykke frå føresette

